

● ● ● ● ● ● ● ●

# MUSEUMSSENTERET i Hordaland

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (MuHo) er eit konsolidert museum med sju avdelingar i Salhus, på Lygra, Osterøy og Radøy; Bevaringstenestene, Havrå, Kulturverntenesta i Nordhordland, Lyngheiseret, Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter, Osterøy museum og Vestnorsk Utvandringssenter. MuHo er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til kulturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie, samferdsle, migrasjon og kultur møteproblematikk i fortid og notid.

## Korleis stille ut ei stemme...?

Den store utfordringa er korleis skal vi formidla den levande kulturarven til alle aldersgrupper i samfunnet vårt i vår moderne tid. Vi gjer det gjennom utstillingar, artiklar, aviser, bøker osv. I den samanhengen kom prosjektet om digitale forteljingar opp som ein ny måte å formidla historier om den levande kulturarven på.



Det passer godt inn i MuHo si satsing på digital formidling. Det har vore eit treårig prosjekt «En ny arbeidsdag – digitalt fortalt» som har gått føre seg frå 2009 – 2011. Det er produsert ei rekkje digitale forteljingar som alle er lagt ut og gjort tilgjengeleg for publikum gjennom nettsidene til MuHo [www.muho.no](http://www.muho.no) og på den nasjonale nettsida «Digitalt fortalt» [www.digitaltfortalt.no/](http://www.digitaltfortalt.no/).

I boka "Å stille ut en stemme" har vi samla erfaringane frå prosjektet og boka er også meint å vera ei handbok i det å lage digitale forteljingar. Prosjektet har vore ei øving i bruk av digitale media og utvikling av metode for å produsere digitale forteljingar.

Boka er som sagt ei handbok og det er blanke ark til å notere på i boka som er meint for deg som vil lage digitale forteljingar. MuHo håper at vi har klart å utvikle eit verktoy som kan vera med å sikra dei mange spennande historiene som finst der ute og som er med å føre den levande kulturarva vidare til kommande generasjonar. Sjølv sagt får du også boka digitalt på minnepennen som følgjer med boka!

**Boka er på 74 sider og koster kr 198,- + sendingskostnader. Boka er ikkje i sal hos bokhandlaren, men kan bestillast hos:**

Send bestillinga til:	Bok: <b>"Å stille ut en stemme"</b> ISBN 978-82-998703-1-3
Museumssenteret i Hordaland	Antal: .....
Org.nr: 971 349 743	Firma: .....
Salhusvegen 201	Adresse: .....
5107 Salhus	Postnr: ..... Poststad: .....
E-post: <a href="mailto:post@muho.no">post@muho.no</a>	Telefon: ..... E-post: .....
Signatur bestiller:	